

Utviklingstrekk 2024

Kunnskapsgrunnlag for kommunal planstrategi



Fjord
kommune

Gode vekstvilkår

Innleiing

Utviklingstrekk for Fjord kommune peikar på viktige utfordringar og fortrinn i kommunen.

Grunnlag for planstrategien og kommuneplanen sin samfunnsdel

Dokumentet er eit grunnlag for vidare arbeid med kommunal planstrategi der kommunen skal vurdere om [kommuneplanen sin samfunnsdel](#) skal vedtakast på nytt, eller om det er behov for å lage ein ny.

Datagrunnlag

Tema og indikatorar i dokumentet er valt basert på indikatorar som er lista opp i samfunnsdelen, samt meir utfyllande data basert på tal frå [SSB](#), [kommunestatistikk 2024](#) og interne oversiktar i kommunen.

Arealplan


Fjord kommune har ikkje ein vedteken arealplan. Arbeidet med ny arealplan for Fjord kommune er no starta.



Innhald

1. Kommuneplanen sin samfunnsdel
2. Befolkningsutvikling
3. Levekår og folkehelse
4. Klima og miljø
5. Næringsutvikling og sysselsetting
6. Bustadutvikling
7. Kommunal tenesteyting
8. Oppsummering





1. Kommuneplanen sin samfunnsdel

Fjord kommune sin visjon «Gode vekstvilkår» er eit ønske om vekst på mange samfunnsområde, og visjonen peikar på fleire kvalitetar som vi ønskjer skal prege kommunen vår.




2. Befolkningsutvikling

Per 1. kvartal 2024 var det 2 502 innbyggjarar i kommunen.

I 2020 var det 2.549 innbyggjarar, det vil seie ein nedgang på 47 personar på tre år. Å stoppe ei negativ folketalsutvikling er eit prioritert mål i samfunnsdelen.

Frå 2022 til 2023 (per 1. januar) har det vore ein svak vekst, medan 4. kvartal i 2023 viser – 10 personar.


Befolkningsutviklinga 2009–2024



[Kommunestatistikk 2024](#)

Det vert fødd færre born, medan gruppa eldre aukar. Dette har innverknad på korleis Fjord kommune bør planlegge samfunnsutviklinga generelt, og dimensjonering av eldreomsorga spesielt.


Folketalspyramide, befolkning etter kjønn og alder, 2024 og 2036



[Kommunestatistikk 2024](#)

Befolkningsframskriving

Folketalet aldersfordelt - framskriving



[Kommunestatistikk 2024](#)

Flyttetotal for Fjord

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Sum
Innflytting	99	114	106	109	85	105	86	124	130	132	1090
Utflytting	102	136	99	129	130	126	126	132	112	116	1208



Lenker befolkningsutvikling

- Kommunestatistikk: [Fylkesstatistikk 2016 \(website-files.com\)](https://www.fylkesstatistikk.no/)
- Fylkesstatistikk 2023: [Fylkesstatistikk 2023 - Møre og Romsdal \(mrfylke.no\)](https://www.mro.no/)
- NOU 2020:15 – «Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene» <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-15/id2788079/>
- Distriktssenteret: <https://distriktssenteret.no/>
- Tilflyttings- og rekrutteringsarbeid i distriktene: <https://www.regjeringen.no/contentassets/3b37c1baa63a46989cb558a65fccf7a1/no/sved/2.pdf>
- Ressursportalen: <https://www.ressursportal.no/>
- IMDI: <https://www.imdi.no/>
- KS – statistikk og analyse: <https://www.ks.no/fagomrader/statistikk-og-analyse>
- Kommunal- og distriktsdepartementet: <https://www.regjeringen.no/no/dep/kdd/id504/>




Aldersbæreevne viser forholdet mellom den yrkesaktive befolkninga og den eldre delen.

Aldersbæreevne vert definert som tal på innbyggjarar i alderen 16-66 år samanlikna med 67 år og

oppover. Allereie no ser vi at det er store skilnader mellom kommunane. For kommunane med

lågast aldersbæreevne bør dreininga for å møte demografiske endringar ha komme langt.



Figur 2 – Aldersbæreevne per kommune i Møre og Romsdal - 2023


3. Levekår og folkehelse

Innbyggjarane er den viktigaste ressursen i kommunen. God helse er ein føresetnad for ei berekraftig utvikling i kommunane.

Folkehelseprofilen viser helsetilstanden i befolkninga samanlikna med fylke- og landssnitt. Innan oppvekst og levekår ligg vi på landsnivå eller betre på fleire punkt. Vi har også nokre punkt som vi må arbeide meir med, som til dømes bustad, meistringsnivå i lesing og muskel- og skjelettlidingar (jf. raude punkt i tabellen)

Ungdata-undersøkinga vart gjennomført i 2020 og 2024 og fortel oss at ungdom i Fjord sine erfaringar i stor grad samsvarar med trenden i samfunnet rundt oss.

Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal 2021 viser at folk i fylket generelt har god framtidsoptimisme. Fleirtalet opplever si eiga helse som god, er fornøgd med livet og trivst i stor grad nærmiljøet.



[FHI sin folkehelseprofil for Fjord kommune 2024](#)


På nettsida kan ein trykke på kvar indikator for meir informasjon. Den raude linja er landssnitt, grå firkantar er fylkessnitt, dei raude, gule og grøne sirkane viser verdiane til Fjord



Fjord kommune

Folkehelseundersøkinga 2021

Prosentdel med økonomiske vanskar* etter kommune 2021




* Del som har svart at det er «Svært vanskeleg», «Vanskeleg» eller «Forholdsvis vanskeleg» å få pengene til å strekke til i det daglege.



Fjord
kommune

Familiar med vedvarande låginntekt

Auken i andel barn og unge som bur i familiar med vedvarande låginntekt kan medføre ein risiko for hamne utanfor viktige arenaer og aktivitetar som kostar pengar. Bukvalitet har stor betydning for helsa, og for born og unge kan ein vanskeleg busituasjon påverke skoleprestasjonar og det sosiale livet.



Kommunen skil seg ikkje signifikant frå landsnivået når det gjeld andelen som bur i hushald med vedvarande låg inntekt (alle aldrar), men vi ligg litt høgare enn snittet for fylket.

Figur 8: Personar 0–17 år i familiar med vedvarande låginntekt i Møre og Romsdal, 2018–2022

Kjelde: SSB - Tabell I2944



Fjord
kommune

4. Klima og miljø

Klimamål: Innan 2030 skal klimagassutsleppa vere redusert med 40 prosent samanlikna med 2009. *Energi- og klimaplan for Fjord kommune vedtatt i kommunestyret 10.02.22*

Tala går gradvis nedover, i perioden 2009-2019 er det ein reduksjon i utsleppa med 17,4%.


Utsleppa i 2020 og 2021 er kraftig redusert, dette skuldast i hovudsak stopp i cruisetrafikken under pandemien. Reduksjon i utslepp på 17,7 % frå 2019-2020.

Det er forventa at utsleppa vil gå opp frå cruise no når pandemien er over, men utslepp frå kategorien passasjer vil bli kraftig redusert når Eidsdal – Linge blir delvis elektrifisert.

Frå 2021 til 2022 gjekk utsleppa opp med 18.1 prosent
Landbruk og vegtrafikk viser ein svak nedgang.

Oversikt
Sektorfordelte utslipp per år


Graf Tabell



Kilde: Miljødirektoratet



Sjøfart
Utslipp fra sjøfart

Graf Tabell



Kilde: Miljødirektoratet

Grupperte arealformål



Dette er ein presentasjon av arealrekneskap for Møre og Romsdal 2023.

Planinformasjonen byggjer på ein mosaikk av forslag til kommuneplan og gjeldande reguleringsplanar.

"Planreserve" beskriv gjenverande utbyggingspotensial i byggeområde.

Alle element i dashborda filtrerer andre element. Bruk "reset"-symbolet nedst til høgre for å fjerna alle filter.

For meir utfyllande forklaringar, skildringar og filtreringar, prøv Power BI-løysinga vår.


Dekar i utvalet
1 264 008 dekar

Berekn planreserve
8 686 dekar


Utslepp viss 100 % bebygd
247 142
tCO2ekv. (20å)

[Link til Møre og Romsdal fylke - arealrekneskap](#)

Arealtyper



Treslag



Bonitet (produksjonsevne skog)



Grunnforhold





Forsiden

Arealtyper

Bebyggt areal

Bebyggt per innbygger

Planlagt bruk av areal

Planlagt areal (tabell)

Planlagt per innbygger

Antatt planreserve

Kartløsning (eksternt)

- Velg alt
- Ålesund
- Aukra
- Aure
- Averøy
- Fjord
- Giske
- Gjemnes
- Hareid
- Herøy
- Hustadvika
- Kristiansund
- Molde
- Ørsta
- Rauma
- Sande
- Smøla
- Stranda
- Sula
- Sunndal
- Surnadal

Arealtyper

Areal av land og
ferskvann
1 194 140

Åpen fastmark
810 133

Skog
269 135

Myr
12 779

Dyrka mark
19 375

Andre arealtyper
82 717

Bebyggt areal

Bebyggt eller
opparbeidet
6 805

Boligbebyggelse
725

Fritidsbebyggelse
760

Næring og tjeneste
864

Helse, skole, kultur
116

Annen bruk
4 415

Kommunale planer

Utbyggingsformål i
plan
16 420

Antatt planreserve i
byggeområder
8 686

Boligformål
1 149

Boligformål
459

Fritidsformål
8 639

Fritidsformål
7 440

Næringsformål
411

Næringsformål
129

Tjenesteyting
249

Tjenesteyting
88

Andre formål
5 972


Andre formål
569

Omdisponering av dyrka jord

Samfunnsdelen har fokus på aktivt landbruk, og at dyrka og dyrkbart areal vert tatt vare på og brukt til matproduksjon.

I 2020 vart det omdisponert 15 dekar, i 2021 var det 6 dekar, og i 2022 var det 4 dekar, mens i 2023 vart det ikkje omdisponert dyrka og dyrkbar jord i kommunen.

Tala viser ikkje landbruket si eiga nedbygging, det vil seie byggeaktivitet som er i tråd med arealbruksføremålet i kommuneplan og jordlova.




Omdisponering av dyrka jord i Fjord. Dyrka og dyrkbar jord. Alle formål. Omdisponert etter plan- og bygningslova ([SSB](#))



Verna areal

Fjord kommune har mykje spesiell natur. Dette inneber at halvparten av arealet har vernestatus.



Verna natur i Fjord (landscapsvernrområde (lyse grøne) nasjonalparkar (mørke grøne), naturreservat (raude)).

Kjelde: [Miljødirektoratet](#)



Fjord
kommune

Klimatilpassing

VESENTLEG AUKE



Ekstrem nedbør

Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekost. Dette vil også føre til meir overvatn



Regnflom

Det er venta fleire og større regnflaumar, og i mindre bekkar og elver må ein vente ei auke i flaumvassføringa



Jord-, flom- og sørpeskred

Auka fare som følgje av auka nedbørmengder



Stormflo

Som følgje av havnivåstiging er det venta auke i stormflonivåa

Alle planprosessar og saksvedtak må ta omsyn til behovet for klimatilpassing.

Tilrådde klimapåslag ut over dagens dimensjonerande verdiar i Møre og Romsdal:

- minst 40 % på nedbørmengd
- 20 % eller 40 % på flaumvassføring, avhengig av plassering og flaumsesong
- 57–77 cm på stormflonivå, avhengig av kommune

Klimaprofil Møre og Romsdal

Kjelde: Norsk klimaservicesenter.no, februar 2023



Fjord
kommune

Lenker berekraft

- FNs berekraftsmål: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Kommunerapportar U4SSC: <https://u4ssc.itu.int/u4ssc-kpis-report/>
- Kommuneprogrammet til berekraftfylket: <https://mrfylke.no/om-oss/prosjekta-vaare/berekraftfylket-moere-og-romsdal/kommuneprogram>
- KS/SSB sin taksonomi (klassifiseringsmodell som indikatorar og indikatorsett til berekraftsmålene kan sorterast etter): <https://www.ks.no/fagomrader/barekraftsmalene/maling-kartlegging-og-analyse-av-barekraft/dette-er-taksonomien/>
- Distriktssenteret si nettside om berekraftig utvikling: <https://distriktssenteret.no/fagomrader/baerekraftig-utvikling/>




5. Næringsliv og sysselsetting

Arbeidsplassdekning, Møre og Romsdal per 4. kvartal 2022

- > 100 prosent
- 90 til 100 prosent
- 80 til 90 prosent
- 70 til 80 prosent
- < 70 prosent

Møre og Romsdal 96,5 prosent



Fjord har høg arbeidsplassdekning, altså talet på arbeidsplassar i prosent av talet på arbeidstakarar.

Per 2022 ligg Fjord på 98,8 prosent.

Innan landbruk, skogbruk og fiske, sekundærnæringar, og helse- og sosialtenester ligg Fjord over fylkes- og landssnittet.


Sysselsette personar, etter arbeidsstad og næring, 4. kvartal 2022, prosent

	Jordbruk, skogbruk og fiske	Bergverksdrift og utvinning	Industri	Elektrisitet, vatn og renovasjon	Bygge- og anleggsverksemd	Varehandel, reparasjon av motorvognar	Transport og lagring	Overnattings- og serveringsverksemd	Informasjon og kommunikasjon	Finansiering og forsikring	Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	Forretningsmessig tenesteyting	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	Undervisning	Helse- og sosialtenester	Personleg tenesteyting	Joppgitt
Kristiansund	1,8	3,6	5,6	2,4	7,9	13,2	7,5	3,8	1,4	1,1	6,9	5,2	5,9	7,4	22,2	3,5	0,5
Molde	2,5	2,9	10,5	1,6	7,4	11,7	3,9	2,6	2,2	0,7	6,1	3,0	9,0	7,7	23,6	4,1	0,4
Ålesund	1,9	0,5	13,0	1,1	7,3	14,0	5,3	3,7	2,5	2,0	5,9	4,1	5,0	7,4	22,8	3,2	0,5
Vanylven	14,5	8,1	5,6	0,5	8,2	7,7	8,0	0,5	2,0	0,3	2,5	0,8	3,5	6,5	28,4	1,7	1,3
Sande	8,7	0,7	33,1	0,0	7,7	5,9	6,5	0,8	0,2	0,4	1,6	1,9	2,5	5,0	22,5	1,3	1,1
Herøy	8,8	4,9	15,1	2,0	5,8	8,1	8,2	2,4	1,5	0,4	6,9	4,3	2,2	7,5	17,1	4,2	0,8
Ulstein	1,1	14,5	19,2	1,0	6,8	11,1	2,3	3,0	1,3	1,2	6,1	2,8	3,9	8,0	14,4	2,8	0,5
Hareid	2,4	0,0	23,7	0,9	11,0	13,1	5,4	0,5	1,0	0,2	2,4	1,1	5,8	8,5	20,7	2,2	1,1
Ørsta	5,4	0,2	14,1	2,2	9,3	13,9	7,0	3,1	1,9	1,3	3,6	2,4	5,1	8,7	18,1	2,9	0,7
Stranda	3,8	0,0	32,4	1,5	13,8	5,7	4,5	5,1	0,0	0,4	1,8	3,1	2,2	6,6	14,8	3,5	0,6
Sykkylven	1,7	0,0	44,3	0,7	6,6	7,7	3,3	1,1	1,4	0,4	2,9	0,7	2,8	6,8	16,8	2,1	0,6
Sula	2,9	0,0	21,4	0,0	9,6	17,3	6,4	1,5	0,9	0,2	2,6	2,3	2,0	6,9	22,9	2,6	0,7
Giske	11,3	0,0	14,1	0,1	6,2	6,2	11,4	3,6	1,6	0,3	2,1	5,6	2,9	8,0	22,3	3,4	0,9
Vestnes	6,3	0,1	21,2	0,8	8,9	9,2	3,8	2,2	0,4	0,3	3,3	1,6	2,6	8,7	27,6	1,7	1,0
Rauma	3,6	0,3	13,9	1,9	9,6	15,5	10,7	3,7	1,5	0,2	2,8	3,0	3,5	6,9	19,2	2,5	1,1
Aukra	6,8	11,9	11,8	0,0	6,9	6,2	5,7	4,1	0,2	0,2	1,0	3,3	5,6	9,5	24,5	2,0	0,3
Averøy	9,7	0,0	15,4	1,7	9,3	6,2	7,0	1,5	1,3	0,2	5,3	8,9	2,9	7,0	20,9	1,8	0,9
Gjemnes	10,2	0,0	10,8	0,0	6,6	6,3	4,1	3,5	0,9	0,0	9,1	0,7	6,1	9,9	28,9	1,3	1,6
Tingvoll	10,2	0,0	10,6	0,0	9,5	8,4	3,5	2,8	0,3	0,6	7,3	2,8	3,8	10,0	24,8	4,0	1,5
Sunnadal	1,9	0,0	33,8	3,4	8,2	8,5	3,2	2,0	1,1	1,3	3,6	2,8	2,7	6,2	18,6	2,2	0,5
Surnadal	7,6	0,0	14,8	1,9	7,6	12,2	5,6	1,7	1,3	1,1	6,4	2,8	3,7	8,4	22,3	1,9	0,8
Smøla	29,6	0,3	10,8	1,6	5,4	7,9	5,2	1,0	0,0	0,4	3,5	2,6	2,6	6,2	19,0	2,8	1,2
Aure	14,9	0,0	18,2	0,2	9,5	6,3	7,9	1,3	0,0	0,2	3,7	3,9	4,1	7,0	20,5	1,5	0,8
Volda	4,0	1,5	6,1	0,3	9,7	9,3	3,1	2,0	0,8	1,3	2,5	5,2	3,1	16,1	31,3	2,7	0,9
Fjord	13,9	0,6	5,6	2,6	17,3	12,3	2,2	3,0	0,2	0,3	2,7	0,9	3,3	6,3	26,2	1,2	1,1
Hustadvika	7,8	1,2	18,4	0,2	10,0	10,5	5,5	1,9	0,3	1,4	2,0	2,0	5,2	8,8	21,6	2,4	0,9
Møre og Romsdal	4,1	1,9	14,8	1,3	8,0	11,7	5,4	2,9	1,6	1,1	5,0	3,5	4,9	7,9	22,1	3,1	0,6
Landet	2,3	2,2	7,6	1,2	8,6	12,6	4,7	3,6	4,1	1,8	6,7	4,8	6,2	8,2	20,5	4,1	0,7

Pendling

Tal inn- og utpendlarar, 4. kvartal 2022

Kjelde: SSB



Lenker næringsliv og sysselsetting

- [NAV bedriftsundersøking Møre og Romsdal 2022:](#)
- [Fylkesstatistikk 2023](#)
- [Statistisk sentralbyrås konjunkturbarometer for Møre og Romsdal](#)
- [SMN konjunkturbarometer 2022 Trøndelag og Møre og Romsdal](#)

6. Bustadutvikling

Einebustaden dominerer bustadtilbodet i distrikta, også i Fjord kommune.

Skal distriktskommunane vere attraktive bu- og arbeidsmarknader, må tilbodet bli meir variert.

([Bustadpreferansar i distrikta, NIBR, 2014](#)) Etterspørselen etter andre buformer og gode nabolag har fått meir merksemd dei seinare åra.


Eit viktig kjenneteikn ved kommunar som har lukkast med bustadstrategiske tiltak, er at tiltak og prosjekt er strategisk forankra i plan i kommunen. Her skildrar ein mål og tiltak for utviklingsarbeidet, samt definerte innsatsområde for arbeidet. Kommunen har tatt ei strategisk rolle i arbeidet med bustadetablering og bustadutvikling, og har sett av ressursar til å jobbe med dette ([Boligstrategiske tiltak, Rambøll, 2014](#)).

Gode sentrum og nabolag. Stadutvikling og næringsutvikling heng saman: «*Sentrum som inneholder et variert tilbud av møteplasser, handel, tjenester og kulturaktiviteter bidrar til småbyens attraktivitet og konkurransekraft*» (KMD, 2019).

Det er sendt søknad om midlar til Husbanken for å få etablert eit utviklingsprosjekt for å skape bulyst gjennom attraktive bustader. Målsettinga er å etablere ein framtidsretta modell for kjøp, sal og leige av bustader i eit offentleg – privat utviklingsprosjekt, for å kunne tilby ein marknad som er tilpassa bustadbehovet til innbyggjarane.



Igangsette og fullførte bustader



Ei av hovudutfordringane i samfunnsdelen er tilgang på bustader og bustadtomter. Dette er avgjerande om ein skal halde på attraktivitet og få tilflytting.

Per 2023 har kommunen 1.102 einebustader og 1.004 hytter.

[Fylkesstatistikk 2023](#)

Det er 2,18 personar per hushaldning.

Lenker bustadutvikling

Kommunen som bustadpolitisk aktør (Kommunenenes Sentralforbund 2018)

https://www.ks.no/contentassets/ce79cbe8d1f14487a8bda2efc60c034b/kommunen_som_aktiv_boligpolitisk_aktor_sluttrapport.pdf

Boligstrategiske tiltak (Rambøll, 2014)

<https://distriktssenteret.no/litteratur/gode-eksempler-pa-boligstrategiske-tiltak/>

Bustadpreferansar i distrikta (NIBR, 2014)

<https://distriktssenteret.no/litteratur/boligpreferanser-distrikta/>

Samanheng mellom tilgang på bustad og rekruttering av arbeidskraft (Samfunnsøkonomisk analyse, 2020)

<https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2021/01/tilgang-pa-boliger-i-distriktene-og-rekruttering-av-arbeidskraft.pdf>

Attraktive og berekraftige bumiljø i småbyar (Gehl Architects/Distriktssenteret, 2016)

<https://distriktssenteret.no/litteratur/attraktive-berekraftige-bumiljo-smabyar/>

Byrom – en idehåndbok:

https://www.regjeringen.no/contentassets/c6fc38d76d374e77ae5b1d8dcdbbd92a/byrom_idehandbok.pdf

By- og stedsutvikling, regjeringen:

https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/by_stedsutvikling/id1235/

Næringsutvikling (Vista Analyse 2021)

https://www.vista-analyse.no/site/assets/files/6935/va-rapport_2021-10_laerdommer_fra_gode_vertskommuner_for_naeringsutvikling.pdf



Bustadsosialt behov

Vi vil få aukande behov for bustader og tenester til personar som treng hjelp til å meistre bo- og livssituasjonen.

Fjord kommune disponerer 28 einingar per 1000 innbyggjarar (2022). Dei fleste einingane er over 20 år. Det er gjennomført ein del renovering, men fleire manglar universell utforming ([bustadsosial handlingsplan](#))

Vi blir fleire eldre, og færre som kan yte tenester. Kommunen må i større grad legge til rette for at innbyggjarane skal kunne greie seg sjølv, og leve gode liv i eigen bustad. Det må etablerast nok og framtidsretta bualternativ – både leilegheiter og bustader som har fellesskapsløysingar og moglegheit til å dele fasilitetar og ha nærvær med andre.

3.2.1 Framskrive tal innbyggjarar fordelt på aldersgrupper

	2022	2027	2032	2037	2042	2047
0-5 år	107	123	136	138	137	130
6-15 år	282	230	223	235	250	252
16-66 år	1510	1478	1405	1349	1323	1323
67 år eller eldre	592	650	703	755	778	781

3.2.2 Utvikling i tal innbyggjarar sett i høve til 2022

	2022	2027	2032	2037	2042	2047
0-5 år	0	16	29	31	30	23
6-15 år	0	-52	-59	-47	-32	-30
16-66 år	0	-32	-105	-161	-187	-187
67 år eller eldre	0	58	111	163	186	189



7. Kommunal tenesteyting - Økonomi

Eit av hovudmåla i samfunnsdelen er at Fjord skal vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidretta tenester:

- Kommunen må vere økonomisk berekraftig og ha eit tenestetilbod som er tilpassa dei økonomiske rammene.
- Kommunen set av reservar i rekneskapen i samsvar med vedtak om økonomiske måltal.

Vedtekne økonomiske måltal:

1. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter –minimum 1,75 %
2. Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter –minimum 10 %
3. Netto lånegjeld i % av driftsinntekter –maksimum 85 %

[Årsbudsjett 2023, Økonomiplan 2023-2026](#)

Kombinasjonen av demografiske endringar og lågare inntekter gjer det krevjande å nå målsettingane framover.



Kommunens driftsutgifter per innbygger[†]

2023

164 287 kroner



Kommunens driftsinntekter per innbygger[†]

2023

166 480 kroner



Driftsresultat
2023


0,8 prosent

[SSB, kommunfakta](#)




Fjord
kommune

Differanse mellom inntekter og utgifter pr. innbyggjar i 2022



Figur 7 - Differanse mellom driftsinntekter og -utgifter per innbyggjar i 2022

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter - 2022



Figur 10 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

